

- [Helsingar](#)

Fitjar-Posten

Søksøk ...

Torsdag 6. April 2017

Nettbutikk

Publisert 05 april 2017 | Skriven av Kjetil Rydland | 



Dei første åra var Håkonarspelet eit fast innslag i Kystsogevøkene. Arkivfoto FP/KR.

[Kystsogevøkene for 21. gong](#)

Også i år vil Kystsogevøkene presentera lokal kultur frå Gulen i nord til Sveio i sør, skriv Kjell Magnus Økland i ei pressemelding.

Kystsogevøkene går i år av stabelen frå 12. august til 17. september. Opninga av dei 21. Kystsogevøkene er lagt til Strusshamn på Askøy.

For dei som går svanger med eit potensielt arrangement, er det no tid for å starta planlegginga. Ta gjerne kontakt med dagleg leiar for Kystsogevøkene, Kjell Magnus Økland, for å drøfta idear.

Han minner elles om at leveringsfristen for det som skal med i programheftet i år, er 1. mai, medan fristen for å søkja arrangementsstønad frå Kystsogevøkene er 1. juni. Send søknaden til kystsogevøkene@hfk.no.

Døme på utgifter som ein kan søke tilskot til, er leige av instruktør/omvisar/foredragshaldar, honorar til artistar, notar og kostyme, leige av veteranbåt eller buss, og produksjon av materiale til utstillingar

Kystsogevøkene går føre seg i 22 kommunar frå Gulen i nord til Sveio i sør, og du finn meir informasjon på www.kystsogevøkene.no.

Kjell Magnus Økland tok over som dagleg leiar for Kystsogevøkene i januar 2017. Han kan kontaktast på 95 04 67 39 eller kystsogevøkene@hfk.no.